

2023-2024

# Nordbygdo ungdomsskule



Den opne og aktive skulen



## Innhold

Velkomen til eit nytt skuleår!.....	4
Tilsette skuleåret 2023-2024 .....	5
Telefonnummer til skulen.....	6
Inndeling av skuledagen .....	6
Ansvar tilsette.....	6
Heimesida .....	7
Elevtal.....	7
Sosialrådgjevingstenesta .....	7
Utdanningsrådgjeving - utdanningsval .....	7
Skulehelsetenesta ved Nordbygdo Ungdomsskule .....	8
Reglar for orden og åtferd.....	10
Skuleområdet.....	12
Viktige presiseringar .....	13
VISMA – fráværregistrering og kommunikasjonssystem.....	14
Læringsplattform .....	14
Skuleruta for grunnskulane Stord kommune 2023-2024.....	15
Nordbygdo ungdomsskule er ein MOT-skule .....	16
Utekontakten og ungdomskontakten på Stord .....	17
Bruk av datautstyret ved Nordbygdo ungdomsskule .....	18
Avtale om bruk av datamaskin i Stordskulen.....	18
Fritak frå aktivitetar i skulefag.....	19
Permisjon for elevar ved Nordbygdo ungdomsskule.....	20
Føring av fråvere i grunnskulen .....	21
Gratisprinsippet i grunnskulen.....	21
Forsikring og erstatningsansvar .....	22
Undervisning for elevar på ettermiddag og kveldstid .....	23
Bruk av bilete.....	24
10 trinn 2023-2024, Svarslipp: Informasjon vedrørande søknad til vidaregåande skule .....	25
Svarslipp Nordbygdo ungdomsskule 2023 -2024 .....	27

# Kjære elevar og føresette!

## Velkomen til eit nytt skuleår!

Dette er første gong eg, som rektor, kan ynskja velkomen til eit nytt skuleår ved Nordbygdo ungdomsskule. For meg er det viktig at dei tre åra på ungdomsskulen blir gode for alle elevar, og eg veit at eg har med meg eit dyktig kollegium i den tanken. Me er alle opptekne av at elevane har eit trygt og godt skulemiljø.

Når ein står framfor eit nytt skuleår er det alltid godt å ta eit skritt tilbake og sjå på skule og opplæring i eit stort perspektiv. I opplæringslova kan me som første setning lesa at *Formålet med opplæringa er å opne dører mot verda og framtida og gi elevane (..) historisk og kulturell innsikt og forankring*. Dette skal gjerast i *samarbeid og forståing med heimen*. Kva framtid skal me opna dørene mot? Kva verd er det som ligg der ute? Og korleis skal me førebu ungdomane på dette? Me trur at måten me jobbar tverrfagleg på, og fokuset på samspel og samarbeid kan vera ein god førebuing på mykje som ventar der framme. For at me skal få dette til, er det viktig for oss at me kan spela på lag med de heima. Me håpar de framsnakkar skulen og arbeidet som skjer her. Det er godt for ungdomane å ha med seg ein positiv innstilling når dei tuslar av garde med skulesekken på ryggen.

På Nordbygdo ungdomsskule har me trinnorganisering. Det betyr at me har fokus på heile trinnet og kan dela det opp i passande grupper ut frå kva me skal gjera. Alle lærarane som underviser på trinnet har eit felles ansvar for å leggja til rette for god undervisning for alle elevane. Det vil vera 5-6 kontaktlærargrupper på kvart trinn. Det er kontaktlærarar som har ansvar for samarbeid med heimen. Det er denne de skal ta kontakt med dersom de har spørsmål, både fagleg og sosialt. Eg oppmodar om å ha låg terskel for å ta kontakt.

Me på Nordbygdo er så heldige at me er ein MOT-skule. MOT handlar om å gjera ungdomane robuste, og få ungdomane til å løfta blikket og sjå dei rundt seg. MOT handlar også om å få ungdomane til å ta gode val. MOT-programmet gir ungdomane, og me vaksne, eit språk der me enkelt kan forklara korleis me har det, korleis andre har det og korleis me skal vera saman. Berre spør om dei kan forklara kva me meiner med lommelykta, drittsekken og Stinky. I år har MOT ein kampanje som heiter Hei! Den handlar om å gjera elevane medvitne om kor mykje eit Hei! betyr. Eit Hei! kan bety alt.

Det er mykje nytt på skulen dette skuleåret. Me har ny konstituert ass.rektor Kristin Koløy, og me har ny konstituert sosiallærer, Magnar Larsen. Me har også fleire nye tilsette. Sjølv om det er mykje nytt, så ynskjer me å halda fram med å bygga vidare på den gode Nordbygdo-kulturen. Den skal kjennast att ved:

- At alle har dei same «grunnleggjande antakelsane», me veit korleis me gjer ting hos oss!
- At alle følgjer vedtekne og kjende reglar.
- At alle har ei framferd som gjer at andre opplev at ein vil dei vel.
- At me har gjensidige forventningar om å gjera vårt beste på skulen.

Me skal også halda fram med det som har blitt gode tradisjonar her hos oss, mellom anna lunsjkonserter, aktivitetsdagar, skitur på 9.trinn, teatertur og vintershow på 10.trinn. Det er godt å ha noko sosialt og kjekt å sjå fram i mot.

Det er alltid ekstra stas å treffa dei nye elevane som skal ta til på 8.steget. Eg håpar dei alle har positive forventningar til å byrja på Nordbygdo. Lærarar og elevar frå dei andre trinna skal gjera sitt beste for at nye elevar skal trivast og kjenna seg velkomne frå første dag.

Vel møtt, alle samen!

Beste helsing

Anneli Stokke Mæhle, rektor.

## Tilsette skuleåret 2023-2024

Namn	E-post	Mobil	
Birte Kaldråstøyl	<a href="mailto:Birte.Kaldrastoyl@stord.kommune.no">Birte.Kaldrastoyl@stord.kommune.no</a>	40 21 25 69	Trinnleiar, kontaktlærer 8.trinn
Johannes E. Granås	<a href="mailto:johannes.engen.granas@stord.kommune.no">johannes.engen.granas@stord.kommune.no</a>	41 63 89 47	Kontaktlærer 8.trinn
Olve Engelsen	<a href="mailto:olve.engelsen@stord.kommune.no">olve.engelsen@stord.kommune.no</a>	97 46 29 00	Kontaktlærer 8.trinn
Lilly Anne Litlabø	<a href="mailto:lilly.anne.litlaboe@stord.kommune.no">lilly.anne.litlaboe@stord.kommune.no</a>	41 22 31 69	Kontaktlærer 8.trinn
Kristin Hjortland Nilsen	<a href="mailto:Kristin.Hjortland.Nilsen@stord.kommune.no">Kristin.Hjortland.Nilsen@stord.kommune.no</a>	47 62 58 70	Kontaktlærer 8.trinn
Jens Lønning	<a href="mailto:jens.lonning@stord.kommune.no">jens.lonning@stord.kommune.no</a>	41 08 03 83	Faglærer 8.og 10.trinn
Barbro Isdal	<a href="mailto:barbro.isdal@stord.kommune.no">barbro.isdal@stord.kommune.no</a>	90 72 39 67	Faglærer 8. og 9.trinn, bibliotekansvarleg
Nan Amalie Videng	<a href="mailto:nan.amalie.videng@stord.kommune.no">nan.amalie.videng@stord.kommune.no</a>	45 29 01 42	Faglærer 8. og 9.trinn
Maren Ulgenes Bore	<a href="mailto:maren.ulgenes.bore@stord.kommune.no">maren.ulgenes.bore@stord.kommune.no</a>	48 99 50 01	Faglærer 9, IKT ansvarleg
Margrete L. Skorpen	<a href="mailto:Margrete.lund.skorpen@stord.kommune.no">Margrete.lund.skorpen@stord.kommune.no</a>	95 08 37 74	Faglærer 8. og 10.trinn
Marianne Christensen Føyen	<a href="mailto:marianne.foyen@stord.kommune.no">marianne.foyen@stord.kommune.no</a>	91 76 61 09	Kontomedarbeidar, fagarbeidar
Anita Hammersland	<a href="mailto:anita.hammersland@stord.kommune.no">anita.hammersland@stord.kommune.no</a>	91 16 62 40	Trinnleiar, kontaktlærer 9.trinn
Veslemøy H. Nome	<a href="mailto:Veslemoy.nome@stord.kommune.no">Veslemoy.nome@stord.kommune.no</a>	92 88 77 96	Kontaktlærer 9.trinn.
Are Søyland	<a href="mailto:are.soyland@stord.kommune.no">are.soyland@stord.kommune.no</a>	47 27 55 96	Kontaktlærer 9.trinn
Joar Ness Valvatna	<a href="mailto:Joar.Ness.Valvatna@stord.kommune.no">Joar.Ness.Valvatna@stord.kommune.no</a>	95 72 74 08	Kontaktlærer 9.trinn
Kjerstin Playfoot	<a href="mailto:kjerstin.playfoot@stord.kommune.no">kjerstin.playfoot@stord.kommune.no</a>	41 10 44 19	Kontaktlærer 9.trinn
Elin Kristin Clausen	<a href="mailto:Elin.Kristin.Clausen@stord.kommune.no">Elin.Kristin.Clausen@stord.kommune.no</a>	97 15 70 49	Kontaktlærer 9.trinn
Magnar Larsen	<a href="mailto:magnar.larsen@stord.kommune.no">magnar.larsen@stord.kommune.no</a>	40 32 84 89	Faglærer 9.trinn. Sosiallærer
Hedda Aas Selle	<a href="mailto:hedda.aas.selle@stord.kommune.no">hedda.aas.selle@stord.kommune.no</a>	45 27 13 17	Faglærer 9. og 10.trinn
Torunn Enes	<a href="mailto:Torunn.enes@stord.kommune.no">Torunn.enes@stord.kommune.no</a>	48 13 78 21	Tysklærer alle trinn
Inger Berit Hagen	<a href="mailto:Inger.Berit.Hagen@stord.kommune.no">Inger.Berit.Hagen@stord.kommune.no</a>	95 70 59 16	Trinnleiar, kontaktlærer 10.trinn
Lene Horne Dale	<a href="mailto:lene.horne.dale@stord.kommune.no">lene.horne.dale@stord.kommune.no</a>	90 69 61 36	Kontaktlærer 10
Andreas Waldal	<a href="mailto:andreas.waldal@stord.kommune.no">andreas.waldal@stord.kommune.no</a>	91 14 68 33	Kontaktlærer 10
Erling Abrahamsen	<a href="mailto:erling.abrahamsen@stord.kommune.no">erling.abrahamsen@stord.kommune.no</a>	45 18 18 81	Kontaktlærer 10
Nina Danmo	<a href="mailto:Nina.Danmo@stord.kommune.no">Nina.Danmo@stord.kommune.no</a>	99 25 93 93	Kontaktlærer 10
Kjersti Kolstø	<a href="mailto:kjersti.kolsto@stord.kommune.no">kjersti.kolsto@stord.kommune.no</a>	91 15 42 89	Faglærer 8.og10.trinn
Maria Hernandez	<a href="mailto:maria.hernandez@stord.kommune.no">maria.hernandez@stord.kommune.no</a>	41 56 62 69	Faglærer 8,9 og 10.trinn
Anne Beth Østensen	<a href="mailto:anne.beth.ostensen@stord.kommune.no">anne.beth.ostensen@stord.kommune.no</a>	40 48 15 15	Spesialpedagog
Thomas Kronenes	<a href="mailto:thomas.kronenes@stord.kommune.no">thomas.kronenes@stord.kommune.no</a>	94 06 49 85	Faglærer 8, 9 og 10.trinn
Karoline Espe Klippen	<a href="mailto:karoline.espe.klippen@stord.kommune.no">karoline.espe.klippen@stord.kommune.no</a>	47 39 69 90	Faglærer 9 og 10.trinn
Ann Kristin Hatlevik	<a href="mailto:Ann.kristin.hatlevik@stord.kommune.no">Ann.kristin.hatlevik@stord.kommune.no</a>	98 41 39 05	Miljørettleiar

## Telefonnummer til skulen

Kontor	Marianne Føyen:	53 45 44 00
Rektor	Anneli S. Mæhle:	53 45 44 01/ 97 98 68 72
Assisterande rektor/ utdanningsrådgjevar	Kristin Koløy:	53 45 44 02/ 41 21 37 95
Sosialrådgjevar	Magnar Larsen:	53 45 44 03/ 40 32 84 89

## Inndeling av skuledagen

08.20 – 09.05	1.time
09.05 – 09.56	2.time
09.56 – 10.30	Pause
10.30 – 11.15	3.time
11.15 – 12.00	4.time
12.00 – 12.30	Pause
12.30 – 13.15	5.time
13.15 – 14.00	6.time



## Ansvar tilsette

For alle tilsette gjeld oppfølging av lovar, reglar og lokale planar og prosedyrar. Plan for eit godt psykososialt miljø og leiing av elevgruppa er særleg viktig. Her er nokre av ansvarsområda som ligg til ulike funksjonar:

### Kontaktlærer skal:

Ha oppfølging av den einskilde elev. Ta hovudansvaret for oppbygging av eit godt miljø på trinnet og i elevgruppene. Vera ein god leiar. (Jmf.plan)

Gje elevar positiv merksemd og rettleiing. Ha individuelle utviklingssamtalar med elevane. Eventuelt individuelle samtalar dersom korreksjon er naudsynt.

Møta alle elevane på ein positiv måte både verbalt og gjennom kroppsspråk.

Syta for tilpassa opplæring. Gje eigen plan for dei som treng det. I tillegg IOP – plan for dei med spesialundervisning.

Kontakt med heimen. Dette er svært viktig. Terskelen må vera låg.

Ved brot på ordensreglement, ufin språkbruk, manglande arbeidsinnsats, fråvere m.m. tek kontaktlærer kontakt med heimen. Ein må og ta ein telefon om eleven har utmerka seg positivt.

Ved større utfordringar rundt elevar skal kontaktlærer samtala med sine kontaktlærarkollega. Neste steg er rådgjevar/sosiallærer. Deretter leiinga.

### Alle lærarar skal:

Motivera i høve til lærestoffet.

Starta undervisningsøktene med å klargjera læringsmåla. (Kva eleven skal læra)

Gjera kjent for elevane kva som skal til for å nå måla. (Vurderingskriterier)

Syta for tilpassa undervisning. Laga differensierte opplegg for timane der det er utfordringar på ulike nivå. Undervisninga skal vera praktisk retta og ein skal variera organiseringa av opplæringa.

Vera ein god leiar for elevgruppa/trinnet.(jmf.plan)



Melda frå til kontaktlærar om evt. brot på regelverk og når det er spesielle positive ting å melda.

### Alle tilsette skal:

Følgja skulen sine planar for eit godt psykososialt miljø og klasseleiingsplanen.

Samarbeida til det beste for elevane, trinnet, elevgruppa, skulemiljøet til elevane og arbeidsmiljøet til dei vaksne. Vera opne og sei meininga si på ein vennleg måte og i rette fora. Medverka til å forbetra skulen på alle felt. Melda til rektor om avvik.

### Leiinga:

Overordna mål for leiinga er å sikra at elevane på skulen får opplæring i tråd med Opplæringslova. Leiinga har ansvar for heile organisasjonen, dvs:

Det pedagogiske arbeidet. Personale. Økonomi. Utviklingsarbeid. HMS. Elevane sitt skulemiljø og anna kvalitetssikringsarbeid. Mål og resultatstyring.

Skal støtta og rettleia dei tilsette i deira daglege arbeid.

Skal ha ei open og imøtekommande haldning og heile tida sjå den einskilde samstundes som ein har fokus på kvalitetsbetring.



## Heimesida

Skulen har eiga nettside, som me vil prøva å halda oppdatert så godt som råd er. Du finn mellom anna informasjon om trinna, skuleruta, lenkjer til permisjonssøknad, kontaktinformasjon til Foreldreutvalet m.m.

Adressa er: <http://www.stord.kommune.no/Nordbygdo-ungdomsskule/>

Du finn og Nordbygdo ungdomsskule på [Facebook](#)



## Elevtal

Det er 233 elevar totalt dette skuleåret.

- 8. trinn 74 elevar
- 9. trinn 90 elevar
- 10. trinn 70 elevar.



## Sosialrådgjevingstenesta.

Sosialpedagogisk rådgjevar skal gje hjelp til elevar som har personlege, sosiale og emosjonelle vanskar som går ut over korleis dei fungerer på skulen. Hjelpa vert gjeven individuelt og i grupper og ved å vurdera og formidla hjelp til andre hjelpeinstansar i samarbeid med føresette. Dette kan vera PPT, ressursteam, helsesøster, lege, BUP eller andre fagfolk som kan vera aktuelle.

## Utdanningsrådgjeving - utdanningsval.

Gjennom faget **utdanningsval** har rådgjevar i samarbeid med kontaktlærarane ansvar for informasjon, refleksjon og bevisstgjeriing i forhold til vidare utdanning og yrkesval. Opplæringa skal mellom anna gje elevane kompetanse i å ta val og sjå sine interesser i samanheng med mogleikar og krav i utdanningssystemet og arbeidslivet. Skulen har eit godt samarbeid med dei vidaregåande skulane i regionen, Ytre Sunnhordland Opplæringskontor og bedrifter på Stord.



## Skuleåret 2023/2024

### Hospitering på vidaregåande skular.

- For 10. trinn i løpet av hausten 2023.
- For 9. trinn i løpet av våren 2024.

### Yrkesfagdag

For 9 og 10 trinn yrkesfagdag i regi av opplæringskontoret og næringslivet i regionen haust/vår 2023-2024.

### Arbeidsutplassering:

- 8. trinn; ein dag på jobb med far, mor eller ein annan vaksen dei kjenner våren 2024.
- 9. trinn ; tre dagar utplassering i yrkeslivet våren 2024.
- 10. trinn; ei veke utplassering i yrkeslivet haust/vinter 2023/24

## Skulehelsetenesta ved Nordbygdo Ungdomsskule

Skuleåret 2023/2024.

Skulehelsetenesta består av helsesjukepleiar og skulelege, og er eit lovpålagt kommunalt tilbod. Skulelege er Kristin Skorpen og skal hovudsakleg driva med systemarbeid, men kan også ha konsultasjonar med enkeltelevar/føresette. Skulen har helsesjukepleiar i 40 % stilling. Dersom det er ønskjeleg, kan helsesjukepleiar formidle kontakt med skulelegen.

Skulehelsetenesta arbeider målretta. Dvs. at elevane vert innkalla til helsesjukepleiar på grunnlag av tidlegare funn, eller etter ønskje frå eleven sjølv, føresette eller lærarar. Mange elevar tek kontakt med helsesjukepleiar på eige initiativ. Elevar som treng vidare undersøking eller behandling/oppfølging, vert oftast viste til fastlegen.

Helsesjukepleiar kan gje rettleiing i høve til vekst og utvikling, kosthald, sex og samliv, psykisk helse, samspel foreldre-ungdom m.m. Ho kan også tilby støttesamtaler for dei som har behov for det. Skulehelsetenesta samarbeider med fleire andre instansar, både i og utanfor skulen. Samarbeid om namngjevne elevar skjer etter samtykke frå føresette/evt. eleven. Vi i skulehelsetenesta har teieplikt.



### Skulehelsetenesta har nokre faste rutineoppgåver. Av desse kan nemnast:

- 8. trinnet vil få tilbod om enkeltsamtalar kring trivsel, skulemiljø, mat, søvn og aktivitet. Dersom alt går etter planen, vil 8.klasse få undervisning i eit tema innan helse som er ønskjeleg frå skulen.
- Skulelege og helsesjukepleiar tek sikte på å ha undervisning om psykisk helse for elevane på 9. trinnet.
- Poliovaksinering og gruppediskusjon om samliv og seksualitet på 10. trinnet. Dette vert vanlegvis gjennomført i perioden september-november. Elevane vil få nærare informasjon og innkalling når deira gruppe står for tur.

Helsesjukepleiar held til på helsestasjonen ved Nordbygdo ungdomsskule, og har opningstid for elevar kvar tysdag og onsdag, kl.08.30 – 13.00.

Helsesjukepleiar kan treffast på tlf.911 035 16. Ta gjerne kontakt!

Vennleg helsing Karoline Epland Føyen



# Reglar for orden og åtfærd

## Heimel

Forskrift om reglement for orden og åtfærd i grunnskulane i Stord kommune har heimel i lov 17.07.1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 9 A-10 og kommunestyrets vedtak av 26.11.2020.

## § 1 Formål

Reglementet skal bidra til at elevane i grunnskulane i Stord har eit trygt og godt skulemiljø som skaper trivsel, inkludering og gjev eit godt grunnlag for læring.

## § 2 Verkeområde

Reglementet gjeld for grunnskulane i Stord kommune. Reglementet gjeld også grunnskuleopplæring for vaksne så langt det passar.

Reglementet gjeld i skuletida når skulane har ansvar for elevane. Det vil seia i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, til dømes i leirskule og på andre turar i skulen sin regi.

Reglementet gjeld også utanfor skuletida under føresetnad av at elevane si åtfærd har tilstrekkeleg tilknytning til skulen, til dømes i situasjonar der elevar krenker kvarandre og det fører til at dei ikkje har det trygt og godt på skulen. I tillegg til dette reglementet vert kvar einskild skule gjeven mynde til å gje utfyllande reglar for orden og åtfærd tilpassa den einskilde skule sitt behov.

Kvar einskild skule kan også fastsetja andre tiltak enn dei som kjem fram i §§ 9-13, innanfor gjeldande lovverk.

Les Forskrift om reglementet for orden og åtfærd i grunnskulane i Stord kommune på heimesida til skulen.

<https://www.stord.kommune.no/reglar-for-orden-og-aatferd.6116886-439675.html>

## NORDBYGDO UNGDOMSSKULE

Skulen skal vera prega av eit konstruktivt samarbeid mellom elevar, føresette og tilsette ved skulen. Elevane skal læra å sjå seg sjølve som medansvarlege for eit godt fellesskap, prega av trivsel og respekt. Ordensreglane er eit verkemiddel for å nå denne målsettinga. Ordensreglementet tek utgangspunkt i at skulen er til for elevane, og at elevane ynskjer å nytta sine positive ressursar til å nå målsettingane om eit godt skulesamfunn for alle.

## Rettar

Elevane har krav på:

Eit godt lærings- og skulemiljø.

Å verta behandla på ein skikkeleg måte.

Å ikkje verta utsette for krenkjande ord, handlingar eller mobbing.

## Plikter

Elevane har plikt til å:

Arbeida for eit godt lærings- og skulemiljø.

Behandla andre på ein skikkeleg måte.

Visa andre respekt og ikkje øydeleggja noko på skulen eller for andre.

Ikkje utsetja andre for krenkjande ord, handlingar eller mobbing.

## Reglar for orden og åtfærd

Skulen er ein lærings- og arbeidsplass for mange menneske. Saman har me ansvar for at skuledagen blir bra. Elevane skal følgja vanlege reglar i samfunnet og visa alminneleg god folkeskikk.

### **Orden:**

Eleven

- Møter presis på skulen og til alle timar og avtalar, om ikkje anna er avtalt.
- Har med skulesaker, læremidlar og naudsynt utstyr.
- Gjer det arbeidet ein vert pålagt til rett tid, og så godt ein kan.
- Tek godt vare på alt som høyrer skulen til, både inne og ute, og steller fint med bøker og anna undervisningsmateriell.
- Tek godt vare på personlege ting og tek ikkje med verdisaker på skulen.
- Har ikkje mobiltelefon med i timane. Den skal då liggja avslått, innelåst i elevskåp.
- Held seg på skulen sitt område om ikkje anna er avtalt.

### **Åtferd:**

Eleven

- Er hyggeleg og høfleg mot alle andre på skulen.
- Bidreg til god arbeidsro i timane.
- Syner respekt for andre og andre sine eigendelar.
- Skal ikkje mobba eller på andre måtar krenkja andre fysisk, verbalt eller digitalt.
- Nyttar ikkje tobakk (røyk, snus) eller andre rusmiddel.
- Har ikkje med farlege gjenstandar eller våpen på skulen eller skuleområdet.
- Driv ikkje helsefarleg leik eller aktivitet som kan skada ein sjølv eller andre.



### **Sykkel/ el-sykkel/ sparkesykkel /el-sparkesykkel**

El-sykkel. Det er berre lov å nytta el-sykkel til og frå skulen. Med el-sykkel forstår ein slik denne er skildra hjå Statens vegvesen. El-moped er ikkje tillate. Når skulen skipar til sykkelturn, skal det berre nyttast vanleg trøsykkel.

Sparkesykkel. Det er 12-årsgrense for bruk av motorisert sparkesykkel og det er lovpålagt med hjelm for born og unge under 15 år. For elevar ved Nordbygdo ungdomsskule som ynskjer å nytta sparkesykkel til og frå skulen, gjeld same reglar som ved bruk av el-sykkel og gjeldande trafikkreglar for el-sparkesykkel.

Ein skal alltid nytta naudsynt sikringsutstyr ved bruk av sykkel, el-sykkel eller sparkesykkel.

<https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/trafikkregler/trafikkregler-for-syklister/>


### **Sakshandsamingsreglar**

Alle sanksjonar skal vera slik at elevane skjønar kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Sanksjonar skal stå i rimeleg forhold til brot på ordensreglementet. Der det er mogeleg, skal eleven få høve til å gjera opp for seg.

### **Mogelege sanksjonar kan vera:**

- Munnleg/skriftleg åtvaring frå lærar.
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå rektor.
- Dersom mobilen er framme eller i bruk i timen, fører det til at mobilen vert inndregen og vert levert ut etter skuletid.
- Kontakt med heimen og involvering av føresette.
- Merknad på/nedsett karakter i orden og/eller åtferd.
- Beslag av ulovleg utstyr.
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade ein har påført skulen sin eigedom (rydda boss, vaska golv, fjerna tagging o.l.) Dette kan skje både før og etter skuletid.
- Erstatningsansvar.
- Utvising for resten av timen/dagen eller inntil tre dagar etter rektor si avgjerd.
- Inndraging av elev-PC og/eller utestenging frå nettverk.
- Straffbare forhold vert melde til politiet.

## Skuleområdet



Skuleområdet har ei naturleg avgrensing mot Hystad skule/Valdeivegen/Ådland nord/granskogen/helsesportløypa. Alle må vera innanfor skuleområdet i skuletida om ikkje anna er bestemt. Etter avtale kan elevane bruka fotballbanen i Prestagardskogen, då i følgje med vakt.

## Viktige presiseringar

### Lærebøker:

Elevane vil i løpet av den første skuleveka få utlevert lærebøker i dei ulike faga. Bøkene er registrert elektronisk gjennom lånesystemet vårt.

Dersom lærebøker kjem bort må eleven/føresette erstatta desse. Det skal alltid leggest bokbind på alle lærebøkene.



### Syklar, el-syssel og stå-hjuling. Nye reglar

Mange av elevane syklar til skulen. Flott med litt trim. Syklane må setjast på oppstillingsplassane ved skulen og må alltid vera låste. Når elevane er på sykkeltur i skuletida, er det eit krav om å bruka sykkelhjelm.

El-syssel. Det er berre lov å nytta el-syssel til og frå skulen. Med el-syssel forstår ein slik denne er skildra hjå Statens vegvesen. (El-moped eller el-scooter er ikkje tillate). Når skulen skipar til sykkeltur, skal det berre nyttast vanleg trøssyssel.

Stå-hjuling. Det er 16-årsgrense for bruk av stå-hjuling. For elevar ved Nordbygdo ungdomsskule som ynskjer å nytta stå-hjuling til og frå skulen, gjeld same reglar som ved bruk av el-syssel.

### Pengar og andre verdigjenstandar.

Elevane må passa godt på verdigjenstandar dei måtte ha med seg til skulen. Det kan vera slikt som pengar, mobiltelefonar o.l. Ein må aldri la desse liggja igjen på klasserom eller i garderobar. Alle elevane har fått garderobeskap og bokskap der dei bør låsa dette inn. Elevane må sjølv kjøpe hengelås til skapa sine.



### Mobiltelefonbruk:

Ved Nordbygdo har me «MUTE», det tyder mobil ute. Det vil seie at dersom elevane vil nytte mobilen i pausane må dei gjere det ute. Me har ikkje innført noko forbod mot mobiltelefonbruk på uteområdet ved skulen. Me vel å gje elevane ansvar for sin eigen skulesituasjon. Likevel set me nokre tydelege grenser. Mobiltelefonen må ikkje nyttast til å ta bilete, opptak av film eller lyd i skuletida. I timane skal mobiltelefonen vera innelåst i bokskapet. Mobilen skal heller ikkje nyttast på undervisningsarenaer utanfor skulebyggnaden.



Mobiltelefonbruk i timen fører til at mobiltelefonen vert inndregen og levert til rektor. Eleven kan henta han der etter skuletid same dag. Jfr. Ordensreglane.

### Skade på elevane sine personlege eigendelar:

Det hender stundom at det oppstår skadar på elevane sine personlege ting. Det kan vera skadar på klede, briller, syklar osv. Slike skadar vert ikkje erstatta av skulen. Eleven kan få erstatning dersom skulen i ein gitt situasjon har handla på ein uansvarleg måte. Dette må vurderast i kvart einskildtilfelle.

### Hærverk på skulen:

Me er heldigvis lite plaga av hærverk på skulen. Dersom det likevel skulle oppstå skade på bygningar eller utstyr som ein elev har gjort, så har føresette erstatningsansvar for inntil kr. 5000,- for skade som er gjort av deira barn under 18 år jfr. skadeerstatningslova § 1-2. Skulen vil i slike saker vurderast å krevja erstatning.

### Informasjon til heimen på e-post:

Informasjonsflyten mellom skulen og heimen er svært viktig. Stundom kjem ikkje informasjonen heim. Skriv kjem på avvegjar eller vert liggjande. Me ber om at føresette skriv e-postdresa si på siste side i heftet. Dersom foreldra har delt foreldreansvar og ønskjer at informasjon skal gå til begge to, ynskjer me to adresser. Det er uansett viktig at kontaktlæraren veit kven som har dagleg omsorg for eleven. NB! Dei som ikkje har operativt datasystem heime/jobba vil få informasjonen heim med eleven slik som før. Bytter ein mobilnummer eller e-postadresse er det viktig at ein melder skulen dette slik at informasjonen kjem fram.



## VISMA – fráværsregistrering og kommunikasjonssystem

Stord kommune skal hausten 2022 gå over til nytt skuleadministrativt system. Og skulane vil då gå over til kommunikasjonssystemet i Visma.

Med Visma Min-Skole-app kan de mellom anna

- Motta og sende meldinger (heim – skule dialog)
- Registrere frávær
- Sjå karakterar og tilbakemeldingar

Meir informasjon om Visma vil de få seinare i haust på foreldremøta.



## Læringsplattform

Skulen nyttar seg av Teams som læringsplattform, utlevering og innlevering av oppgåver og Docendo for timeplan, dag- /vekeoversikt, informasjon om lekser mm. Docendo ligg open for føresette og elevar. Meir informasjon får de på foreldremøte i haust

Lenkje til Docendo: [https://app.docendo.no/groups/16983/public\\_calendars](https://app.docendo.no/groups/16983/public_calendars)

Nordbygdo ungdomsskule,

Anneli S. Mæhle. Rektor



# Skuleruta for grunnskulane Stord kommune 2023-2024



## Skulerute for grunnskulane i Stord kommune 2023-2024

Planleggingsdagar   
  Elevfrie dagar i grunnskulen

Veke nr	AUGUST 2023							Veke nr	SEPTEMBER							Veke nr	OKTOBER						
	M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S
31		1	2	3	4	5	6	35					1	2	3	39							1
32	7	8	9	10	11	12	13	36	4	5	6	7	8	9	10	40	2	3	4	5	6	7	8
33	14	15	16	17	18	19	20	37	11	12	13	14	15	16	17	41	9	10	11	12	13	14	15
34	21	22	23	24	25	26	27	38	18	19	20	21	22	23	24	42	16	17	18	19	20	21	22
35	28	29	30	31				39	25	26	27	28	29	30		43	23	24	25	26	27	28	29
																44	30	31					

Veke nr	NOVEMBER							Veke nr	DESEMBER						
	M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S
44			1	2	3	4	5	48					1	2	3
45	6	7	8	9	10	11	12	49	4	5	6	7	8	9	10
46	13	14	15	16	17	18	19	50	11	12	13	14	15	16	17
47	20	21	22	23	24	25	26	51	18	19	20	21	22	23	24
48	27	28	29	30				52	25	26	27	28	29	30	31

Veke nr	JANUAR 2024							Veke nr	FEBRUAR							Veke nr	MARS						
	M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S
1	1	2	3	4	5	6	7	5				1	2	3	4	9					1	2	3
2	8	9	10	11	12	13	14	6	5	6	7	8	9	10	11	10	4	5	6	7	8	9	10
3	15	16	17	18	19	20	21	7	12	13	14	15	16	17	18	11	11	12	13	14	15	16	17
4	22	23	24	25	26	27	28	8	19	20	21	22	23	24	25	12	18	19	20	21	22	23	24
5	29	30	31					9	26	27	28	29				13	25	26	27	28	29	30	31

Veke nr	APRIL							Veke nr	MAI							Veke nr	JUNI						
	M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S
14	1	2	3	4	5	6	7	18			1	2	3	4	5	22						1	2
15	8	9	10	11	12	13	14	19	6	7	8	9	10	11	12	23	3	4	5	6	7	8	9
16	15	16	17	18	19	20	21	20	13	14	15	16	17	18	19	24	10	11	12	13	14	15	16
17	22	23	24	25	26	27	28	21	20	21	22	23	24	25	26	25	17	18	19	20	21	22	23
18	29	30						22	27	28	29	30	31			26	24	25	26	27	28	29	30

Månad	Dato	Tekst	Elevdagar
August	14.-16.	Planleggingsdagar	11
	17.	Første skuledag for elevane	
September			21
Oktober/v.41	9.-13.	Hautferie	17
November	10.	Elevfri dag/ planleggingsdag	21
Desember	21.	Siste skuledag for elevane før jul	15
Januar	03.	Elevfri dag/ planleggingsdag	19
	04.	Første skuledag for elevane etter jul	
	26.	Elevfri dag/ interkommunal planleggingsdag	
Februar/v.9	26.-29.	Vinterferie	17
Mars	01.	Vinterferie	15
	25.-29.	Påskeferie	
April	01.	Påskeferie	21
Mai	01.	Fridag	18
	09.	Kristi himmelfartsdag	
	10.	Elevfri	
	17.	Nasjonaldag	
	20.	2. pinsedag	
Juni	21.	Siste skuledag for elevane før ferien	15
Elevdagar totalt:			190

Administrativt vedtatt 12.01.2023

## Nordbygdo ungdomsskule er ein MOT-skule

MOT er ein haldningsskapande organisasjon som jobbar for og med ungdom.

MOT sitt mål er å bidra til robuste ungdommar og trygge ungdomsmiljø.

MOT har ein heilskapleg modell for korleis lokalsamfunn kan jobba saman med ungdom. Modellen inneheld program i ungdomsskulen og vidaregåande skule, samt tiltak på ungdom sin fritidsarena. Gjennom øvingar, historier, dialog og rollespel vert ungdom medvitne til å ta eigne val, ta vare på kvarandre og visa mot.

### MOT sin visjon er eit varmare og tryggare oppvekstmiljø.

Verdiar:

- Mot til å leve
- Mot til å bry seg
- Mot til å sei nei

Prinsipp:

- Jobbe i forkant
- Sjå heile mennesket
- Forsterka det positive
- Bruke ansvarlige kulturbyggerar til å inkludera andre

[www.mot.no](http://www.mot.no)



Nordbygdo er ein MOT- ungdomsskule der alle elevane har 12 MOT-øktar gjennom tre år. Fleire av desse kjem allereie fyrste halvdel av 8. trinn. Alle elevane blir lytta til og engasjert i desse øktene – ofte kan det vera ein siger i seg sjølv. Allereie før dei startar på Nordbygdo har dei hatt to MOT-øktar på barneskulen med ungdommar frå Nordbygdo.

'Nordbygdokulturen' og tema på MOT-øktene er veldig like. Omgrep som til dømes ønskeliste, flybensin, Ninni & Stinky, energigivar/-tappar, luft i ballongen og «drittsekken» blir viktige. Spør gjerne ungdommen heime kva desse betyr.

Ung MOTivator (UMO) er nokre ungdommar som hjelper til og er positive kulturbyggerar på skulen. Det krevst litt ekstra av desse og blir valt ut gjennom søknad og samtale med lærar og eventuelt intervju. Ein UMO skal vera ein rollemodell og godt førebilete for andre og skal gjere det lettare for andre elevar på skulen til å sei nei, leve og bry seg. Rett og slett vera med å påverke positivt til å styrke oppvekstmiljøet. Me er og i prøvefasen med å ha enda fleire engasjerte elevar med for å skape enda fleire friminuttsaktivitetar på skulen (NorMOTor).

Ein UMO må gjennom eit skuleringskurs og kan då delta aktivt på besøk på barneskulen i 7. trinn for å gjera overgangen til Nordbygdo enda tryggare og lettare. Det er fleire besøk i barneskulen gjennom året. Ein UMO vil og ha ei viktig rolle på bli-kjent-dag, fyrste skuledag, MOT til å glede dag m.m.

Når ein kjem i 10. trinn blir fokuset for UMO å jobbe aktivt for å styrke eit godt og trygt miljø på skulen (og nærliggande aktivitetar).

Fokuset både for skuleleiing, MOT- coachar, UMO og lærarar er å skape robuste ungdom som vågar å ta rette val for seg sjølve – både nå og seinare i livet.. Det å ha mot til å sei nei, til å bry seg og til å leve er grunnsteinane her.

Det handlar altså ikkje om å vera i MOT noko – det handlar om å ha MOT.

## Utekontakten og ungdomskontakten på Stord



Utekontakten og Ungdomskontakten er ei oppsøkande og tilgjengeleg teneste for ungdom og unge vaksne i alderen 13 til 23 år. Tenesta er for alle ungdomar i Stord kommune og nettverket deira.

Du kan ta kontakt med oss når du ynskjer nokon trygge vaksne å prate med, eller om du skulle trenge råd, rettleiing eller hjelp, uansett kva det måtte vere.

Me bidreg også med råd og rettleiing til foreldre/pårørande og samarbeidspartnarar som tek kontakt med oss, og samarbeider med andre som har kontakt med ungdom på Stord. Ungdomskontakten arbeidar tett opp mot skule i saker der ungdom kan ha vanskar med å gå på skule.

Me arbeidar oppsøkande på ulike arenaer der ungdom er. Blant anna besøker me ungdomsskulane og vidaregåande skule kvar veke. Dette gjer me for å vere ein tilgjengeleg del av hjelpeapparatet for elevane.

Me har drop-in tilbod «Open stove» kvar tysdag kl. 14.00-15.30 og kvar torsdag kl. 15.00-18.00. «Open stove» betyr at du kan komma innom i stova utan avtale, for å spela kort eller biljard, prata om laust og fast, eller berre vera.

Dersom du vil ha råd og tips, kanskje du er bekymra for en venn og lurer på kva du skal gjera? Ring, ta kontakt på sosiale mediar eller stikk innom:

Telefon: 53 49 66 44

Besøksadresse: Hamnegata 22, 5411 Stord

E-postadresse: [utekontakten@stord.kommune.no](mailto:utekontakten@stord.kommune.no)

Nettside: [stord.kommune.no/utekontakten](http://stord.kommune.no/utekontakten)

Kontaktpersonar:

Bodil, tlf: 97 55 21 24

Jostein, tlf 47 62 97 37

Bente (Ungdomskontakt), tlf: 99 01 90 23

Mari, tlf 46 47 21 08

Følg oss gjerne på sosiale mediar:

Facebook: Utekontakten Stord, Instagram: Utekontakten\_Stord, SnapChat: utekontaktstord



## Bruk av datautstyret ved Nordbygdo ungdomsskule

### Generell informasjon

- Elevane vil ved skulestart 8 trinn få utdelt kvar sin PC til skule og heimearbeid. Det er utarbeida ein særskilt avtale om bruken. Sjå s.19.
- Elevane får eigne brukarnamn, passord og e-postadresser. Me nyttar Office 365 for arbeid og lagring.
- All bruk av data ved skulen vert logga, og kan ved særskilde høve sporast attende til både maskin og brukar.
- Brukarnamn og passord er personleg, og skal ikkje lånast ut til /nyttast av andre.

### Tilgang til Internett.

- Skal ikkje nyttast til søking etter, eller nedlasting av materiale eller program som ikkje er i samsvar med skulen sine ønske og etiske normer.
- Skal ikkje nyttast til å leggja ut propagandamateriell for særinteresser.
- Skal ikkje nyttast til aktivitetar som elles strir imot norsk lov.



## Avtale om bruk av datamaskin i Stordskulen

IKT (informasjon, kommunikasjon og teknologi) skal bidra til å skapa motivasjon og tilpassa opplæring for alle elevar slik at læringsutbyttet aukar.

Det meste er lov, men det er ikkje lov å

- Dela brukarnamn og passord med andre
- Bryta seg inn i andre sine kontoar (stele passord)
- Misbruka andre sin identitet eller opptre med falsk identitet
- Bruke urimeleg med systemressursar (særskilt bandbreidde og skrivarar)
- Forstyrre IKT-ressursar og tenester på skulen
- Installera programvare som ikkje ligger i Microsoft store.
- Laste ned, oppbevare, distribuere eller kopiere materiale som bryt med reglar for opphavsrettar eller norske lovar og forskrifter
- Laste ned og framvise upassande materiale

Brot på desse reglane vert rekna som brot på skulen sitt ordensreglement. Systemansvarleg kan utan førevarsel sletta materiale som bryt med reglane for IKT-systema ved skulen. Lærar kan inndra maskin dersom det skjer brot på reglane i dette dokumentet.

### Bruk av datamaskina

Læraren bestemmer når elevar skal nytta IKT-systema på skulen. Elevane skal lagra data i OneDrive i Office 365. Slik vil ein ha tilgang til arbeidet sitt frå kor som helst. Systemadministrator kan ta stikkprøvar og køyra automatiske søk dersom ein mistenker at reglane er brote. Dersom det vert oppdaga alvorlege brot på reglane, kan eleven mista tilgangen til maskin og IKT-system for kortare eller lengre tid. Kontaktlærar avgjer dette i samarbeid med rektor.

## Utlån av datamaskina og kva du må vera merksam på

Kvar enkelt maskin og pc-mappe er skulen sin eigedom. Elevane får låne ei eiga maskin og pc-mappe ut tida eleven går på skule. Maskin, pc-mappe og ladar skal leverast attende når eleven sluttar på skulen. Maskinane skal vera merka med den enkelte elev sitt namn, og skulen har til ei kvar tid oversikt over kven som disponerer maskina.

### Elevane skal ikkje:

- prøva å endra maskinvara på noko som helst måte
- klistra på andre merker eller dekorera maskina eller pc-mappa
- bytta maskin eller pc-mappe med andre elevar
- nytte maskina i friminuttet

Skulen kan når som helst ta inn maskina og bytta den med ei anna maskin. Eleven er ansvarleg for å ta vare på eigne dokument ved å lasta dei opp i OneDrive i Office 365.

### Heimebruk

Det er meininga at elevane skal nytta maskina heime i samband med skulearbeid. Legg merke til følgjande punkt for heimebruk:

- Elevar har lov til å kopla maskina til andre trådlause nettverk (skulen kan ikkje hjelpe med dette). NB! Ein må ha internett-tilgang for å kunne bruke maskina.
- Elevane set maskina til lading heime og tek den med på skulen ferdig lada. NB! Dette punktet er særst viktig, og avgjerande for bruken i skuletida.
- Ladaren vert oppbevart heime og treng ikkje vera med på skulen.
- Føresette er ansvarlege for kva elevane får tilgang til utanfor skuletid.

### Skadar og erstatningsansvar

Av og til oppstår det problem med maskinane som ikkje er brukaren sin feil. IKT-ansvarleg på skulen vil hjelpe eleven med desse problema.

Dersom det oppstår problem eller feil, vil skulen ha tilgjengeleg ein reservemaskin. Elevane vil då nytta denne som sin nye maskin.

Dersom maskina vert øydelagt grunna hærverk/ uforsiktigheit kan skulen krevje erstatning.

## Fritak frå aktiviteter i skulefag

(Opplæringslova §§ 2--3a og 2--4)

§ 2-3 a. Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa.

*Skolen skal vise respekt for elevane og foreldra sine religiøse og filosofiske overtydingar og sikre retten til likeverdig opplæring.*

*Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.*

*Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen. Dersom skolen på eit slikt grunnlag ikkje godtek ei melding om fritak, må skolen behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.*

Skolen skal ved melding om fritak sjå til at fritaket blir gjennomført, og leggje til rette for tilpassa opplæring innanfor læreplanen.

Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa.

Elevar som har fylt 15 år, gir sjølv skriftleg melding som nemnt i andre ledd.

Dersom du som forelder eller dersom barnet ditt meiner at delar av opplæringa på skulen strir mot den religionen eller det livssynet de har, skal eleven få fritak. De må melde frå skriftleg om dette til skulen. Eleven kan ikkje få fritak frå heile fag, men aktivitetar i fag.

Faget kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) er eit vanleg skulefag som normalt skal samla alle elevar. Faget skal gi kunnskap og forståing, ikkje vere forkynnande eller gi opplæring i ein bestemt religion eller eit bestemt livssyn.

Nordbygdo ungdomsskule.

August 2023

Anneli S. Mæhle  
-rektor-



## Permisjon for elevar ved Nordbygdo ungdomsskule

For alle permisjonar skal søknadsskjema fyllast ut og sendast rektor digitalt og leverast rektor i god tid før permisjonen startar. [Lenkje](#) til søknadsskjema finn de på heimesida til skulen under fana skjema. For anna fråvere må føresette alltid skriva melding i VISMA

I Opplæringslova, § 2-11. «Permisjon frå den pliktige opplæringa» heiter det:

*”Når der er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gje den enkelte eleven permisjon inntil to veker.”*

*Forskrift til opplæringslova § 3-38. Føring av fråvere i grunnskulen:*

*Frå og med 8. årstrinnet skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.*

*Eleven eller foreldra kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.*

*Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.*

*For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje blir ført på vitnemålet:*

- a. dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar
- b. innvilga permisjon etter [opplæringslova § 2-11](#).

*For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag (Endra ved forskrift [29 juni 2020 nr. 1474](#) (i kraft 1 aug 2020, heile kap 3 endra)*

Etter opplæringslova §2-11 kan kommunen gje ein elev permisjon i inntil to veker når det er forsvarleg. Førsette har ansvar for naudsynt undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgja den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute. (Ein permisjon som er gjeven, avkortar retten for eleven til grunnskuleopplæring tilsvarande.)

**Permisjonar søkjer ein til rektor digitalt via Visma, sjå lenkje på heimesida til skulen/Stord kommune.**

Nordbygdo ungdomsskule.

Anneli S. Mæhle  
-rektor-

Du finn skjema om å søke permisjon på heimesida til skulen:

<https://www.stord.kommune.no/soek-nad-om-permisjon-for-elevar-paa-nordbygdo-ungdomsskule.6086185-439675.html>

## Føring av fråvere i grunnskulen

Viser til forskrift til Opplæringslova § 3 – 38:

*Frå og med 8. årstrinnet skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.*

*Eleven eller foreldra kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.*

*Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.*

*For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje blir ført på vitnemålet:*

a. dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar

b. innvilga permisjon etter [opplæringslova § 2-11](#).

*For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag. [ Endra ved forskrift [29 juni 2020 nr. 1474](#) (i kraft 1 aug 2020, helle kap 3 endra)].*

Me understrekar følgjande:

- a) Førsette må krevja at fråvere ikkje skal førast. (Inntil 10 skuledagar i 8., 9. og 10.klasse. Jf. Forskrift til Oppl.ova §3-38, fjerde ledd.)
- b) Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.
- c) Timar vert ført i 60 min. økter. (Skuletimar vert rekna om til klokketimar på vitnemålet).
- d) Enkelte elevar kan av ulike grunnar koma opp i eit dokumentert fråvere som overstig 10 dagar i 10.klasse grunna sjukdom, idrettssamlingar, turar m.m. Her kan eleven eller førsette krevja å få lagt ved vitnemålet dokument som stadfestar årsaka til fråværet.
- e) Oversyn over fråværsdagar kan skaffast ved behov. Ta kontakt med kontaktlærar om du/de lurer på noko.
- f) Frist for å søkja om fråtrekk for 10 skuledagar for kvart av skuleåra og dokumentasjon av gyldig fråvere på vedlegg til vitnemålet, vert sett til ca 10 dagar før skuleslutt. (Nærare informasjon kjem kvar vår kring 10.juni).

Anneli S. Mæhle -rektor-

## Gratisprinsippet i grunnskulen

**Følgjande lovverk gjeld:**

Opplæringslova §2-15.

§ 2-15. *Rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring. Elevane har rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skuletida, leirskuleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskuleopplæringa.*

Opplæringslova §2-15.

Utdanningsdirektoratets tolkingsuttale:

*«..I rundskrivet er spørsmålet om eigenandeler til dekking av leirskule og andre turar, og spørsmålet om frivillige gåver og dugnad nærare omtalt. Det er for eksempel ikkje forbod mot å ta i mot frivillig innsats eller økonomiske bidrag så lenge dei kjem heile gruppa til gode. Det er ein føresetnad at ingen vert utsette for press til å yta denne innsatsen...»*

Nordbygdo ungdomsskule må sjå til at ein oppfyller krava i opplæringslova § 2-15 om rett til gratis offentleg grunnskuleopplæring. Ein må i den samanheng sjå til at skulen sikrar at elevane i samband med turar, skidagar o.l. ikkje må betale eigenandel. For å stetta krava i Rundskriv F-14/03 må skulen gjera sitt til at føresette og elevar opplever at innbetaling til klassekasse er frivillig og anonymt.

Nordbygdo ungdomsskule

Anneli S. Mæhle

-rektor-

## Forsikring og erstatningsansvar

### Kva tid gjeld den obligatoriske forsikringa for skuleborn?

Etter forskrift til opplæringslova skal den obligatoriske skulebarnsforsikringa gje eleven dekking for ulukkeskade som har skjedd

- På opplæringsstaden i opplæringstida
- På veg mellom heim og opplæringsstad
- Under praktisk yrkesopplæring og opplæring i arbeidslivet som er et ledd i opplæringa, og på veg mellom heim og arbeidsplass
- Under transport, skuleturar, idrettsdagar, leirskuler og liknande som skulen er ansvarleg for
- Under Operasjon Dagsverk og andre liknande elevaktivitetar, og mellom heimen og den staden kor aktiviteten skal skje

Utgangspunktet er at forsikringa dekker alle aktivitetar som skulen er ansvarleg for. Det inkluderer i utgangspunktet eit kvart arrangement, også sosiale samkomer, som er i skulens regi.

I tillegg omfattas opplæring som skulen gir i heimen når eleven på grunn av sjukdom får opplæringa si der.

### Kva reglar gjeld for erstatningsansvar for elevar?

Barn og unges erstatningsansvar er regulert i skadeerstatningslova § 2-1. Etter denne lova er barn og unge erstatningspliktig for skader dei har forårsaka utan aktsemd eller forsettleg. Ved vurderinga av «utan aktsemd» skal ein leggja vekt på barnet/ungdommen sin alder og mogning. Barnet er berre erstatningsansvarleg dersom han eller ho er moden nok til å sjå følgjene av handlingane sine. I dei tilfella barn under 18 år ikkje har pengar til å erstatta skaden, kan foreldra holdas ansvarleg for 5000 kr per skadevoldte handling.

Foreldra kan berre holdas ansvarleg når barnet har opptredd forsettleg eller utan aktsemd, eller dersom foreldra kan lastast for ikkje å hatt godt nok tilsyn.

Skader som ikkje vert dekkja via skadeerstatningslova, vert rekna i juridisk teori som "dagleglivets risiko" og må dekkas av eigaren sjølv. For bilar og andre dyre gjenstandar kan eigaren vanlegvis teikne forsikring mot dette. I praksis taper bileigaren gjerne eigenandel og bonus.»



## Undervisning for elevar på ettermiddag og kveldstid

Nordbygdo ungdomsskule har nokre faste tema på trinna som gjer at elevane nyttar noko av skuledagen på ettermiddag og kveldstid. M.a. gjeld dette «Nett-vett» og «Leger utan grenser» på 8.steget, «Ung på Stord» og «Framtida mi» på 9.trinnet. I samband med desse prosjekta har elevane framføringar og tilskipingar for føresette ut over vanleg skuletid.

Opplæringslova seier ikkje noko direkte om slike tilfelle. Me har bede kommunen om å sjekka kva lovverket seier. Her er uttale frå Info Consensus:

*«Når det gjelder undervisning på kveldstid, så er det ingen sentralt gitte retningslinjer, men det er ikke uvanlig at skolene har noen obligatoriske økter på kveldstid som elevene får "avspasere" senere. Der dette kommer i konflikt med elevenes sportsaktiviteter, må de da velge om de vil møte til det obligatoriske kveldsarrangementet eller prioritere trening, og slik sett få fravær fra undervisningen. Dersom foresatte søker eleven fri, så må skolen innvilge eller avslå denne søknaden.*

*Slik vi ser det, har ikke eleven rett til undervisning på dagtid når de andre elevene avspaserer. Likevel er det nok ikke uvanlig at skolen lar eleven følge en annen klasse alternativt jobber med eget opplegg på et grupperom dersom det er muligheter for dette, men at det nok ikke er en rettighet som eleven kan påberope seg.*

*Det følger av opplæringslovens §§ 2-2 og 3-2 at departementet kan gi forskrifter om daglig skoletid. Bestemmelser om dette er gitt i forskrift til opplæringsloven § 1-6 der det fastsettes at undervisningen som regel skal foregå mellom kl. 08 00 og kl. 15 30. Unntak fra denne regelen kan gjøres i enkelte tilfeller. Et eksempel kan være forlengelse av skoledagen dersom elevene skal på teaterbesøk som en del av undervisningen på ettermiddag/kveld.»*


Anneli S. Mæhle  
-rektor-

## Bruk av bilete

Skulen og kommunen har ei heimeside som mellom anna skal vera eit bindeledd mellom heimen og skulen. Ein del av det som vert vist på sidene er bilete av elevar i leik og arbeid ved skulen. Det vert ikkje skrive namn på elevane knytt til desse bileta, berre årstrinn.

<http://www.stord.kommune.no/Nordbygdo-ungdomsskule/>

Datatilsynet sine lover og reglar vedkommande personidentifikasjon gjeld. Personar over 15 år kan sjølv gje tilsegn/reservera seg. Førsette gjer tilsegn/reserverer for personar under 15 år. Dette gjer de på siste side i heftet.



The screenshot shows the website for Nordbygdo ungdomsskule. At the top, there is a header with the Stord logo and navigation links: "Om kommunen", "Ledig stilling", "Kontakt oss", "Før tilsette", and "Tjenester a-å". Below the header, there is a breadcrumb trail: "HEIM > TENESTER > BARNEMÅL, SKULE OG FAMILJE > SKULE OG SPIL > NORDBYGDO UNGDOMSSKULE". The main content area is titled "Nordbygdo ungdomsskule" and includes a welcome message: "Velkommen til Nordbygdo ungdomsskule. Her går det 233 elevar fordelt på 8. til 10. klasse." Below this is a large image of the school building. To the right of the image is a sidebar with a "Logg inn" button, social media links for "Skrivebøgar", "Facebook", and "IKT Plan", and a "Udersider" menu with items: "Klassarane", "Reglement og søkjema", "Råd og utval", "Helse og velferd", "Prøvar og eksamen", and "Kontaktinformasjon". At the bottom of the sidebar, it says "Rektor Pål Roseth".



## 10 trinn 2023-2024, Svarslipp: Informasjon vedrørende søknad til vidaregåande skule

### BRUK AV FØDSELS- OG PERSONNUMMER FOR ELEVAR PÅ 10.TRINNET.

I samband med planlegging og tilrettelegging av vidaregåande opplæring, ber opplæringsavdelinga hos Fylkesmannen om å få tilsendt fødsels- og personnummer og etternamn/fornamn for elevane på 10.trinnet.

I brev frå Fylkesmannen heiter det:

*«Datatilsynet krev no at elevar på 10.trinn skal gje skriftleg samtykke i samband med innhenting av fødselsnummer og overføring av halvtårskaraktarar.»*

*«..skulen må få skriftleg reservasjon frå dei som ikkje ynskjer at fødselsnummeret vert overført til Inntakskontoret for vidaregåande opplæring».*

Skulen vert samstundes pålagt å opplysa om at ein reservasjon vil føra til at eleven ikkje vil få registrert søknaden til vidaregåande opplæring i portalen «Vigo.no». Eleven kan då ikkje søkje og svare digitalt på vidaregåande skule. Om ein vel å søka vidaregåande opplæring manuelt via papirskjema, må ein likevel skrive inn fødsels- og personnummer i eit slikt skjema.

**Me bed om at de sender samtykke/reservasjon til skulen seinast 1.september. Alle må gje tilbakemelding!**

Ved eventuelle spørsmål kan de ta kontakt med utdanningsrådgjevar Kristin Koløy: [kristin.koloy@stord.kommune.no](mailto:kristin.koloy@stord.kommune.no) eller telefon 53 45 44 02/ 41 21 37 94

Mvh

Anneli Stokke Mæhle

-rektor-

---

Svarslipp: Me ynskjer / ynskjer ikkje å gje fødsels- og personnummer for (stryk det som **IKKJE** høver!)

(namn på elev) \_\_\_\_\_

til Opplæringsavdelinga, Vestland Fylkeskommune.

---

(underskrift føresett)

---

(underskrift elev)

De kan levera svarslipp til skulen eller «scanne» det utfylte dokumentet og senda til utdanningsrådgjevar [kristin.koloy@stord.kommune.no](mailto:kristin.koloy@stord.kommune.no)



**Me bed om at de fyller ut svarskjema på siste sida og returnerer til skulen snarleg.**

Nordbygdo ungdomsskule, august 2023

Anneli S. Mæhle  
rektor

